

Etablering av nytt kompetansesenter for norsk språk gjennom omdanning av Norsk språkråd –

Mandat for interimstyret

Fastsett av Kultur- og kyrkjedepartementet 6. mai 2004

1. Innanfor dei rammene som blir fastlagde av Kultur- og kyrkjedepartementet, har interimstyret det overordna ansvaret for å førebu etablering av eit nytt kompetansesenter for norsk språk gjennom omdanning av Norsk språkråd og å leia arbeidet med den nærmare utforminga og innretninga av den nye institusjonen. Interimsstyret skal i så måte arbeida med utgangspunkt i vedlagde prosjektskisse av 24. mars 2003 og seinare grunnlagsdokument, jf. særleg vedlagde høyringsbrev av 20. januar 2004.
2. Som ein del av omdanningsprosessen vil interimstyret i samråd med direktøren ha ansvaret for å få utarbeidd eit strategidokument for den nye institusjonen. For dette formål kan interimstyret oppnemna ei arbeidsgruppe med i hovudsak eksterne medlemmer, men der også interimstyret sjølv og dei tilsette er representerte.
3. Inntil den nye institusjonen er etablert, skal interimstyret også ivareta dei ordinære styrefunksjonane for Norsk språkråd slik det er fastsett i vedtektene for Norsk språkråd etter at desse vart endra ved kronprinsregentens resolusjon av 9. januar 2004. Etter at den nye institusjonen er etablert, skal interimstyret halda fram som ordinært styre inntil Kultur- og kyrkjedepartementet har fastlagt og fått på plass ei permanent styringsordning for institusjonen.
4. Interimsstyret har ansvar for å sjå til at den nye institusjonen byggjer ut den vidare samfunnsforankringa si slik det er understreka i relevante grunnlagsdokument, jf. særleg prosjektskissa av 24. mars 2004 og høyringsdokumentet av 20. januar 2004.
5. Interimsstyret har ansvar for å ta opp alle spørsmål som er relevante for å gjennomføra omdanningsprosessen og etableringa av den nye institusjonen. Interimsstyret skal i så måte stå i nær kontakt med departementet, og alle viktige spørsmål og alle saker som måtte ha økonomiske konsekvensar utover vedteke budsjett, skal leggjast fram for departementet til godkjenning. Interimsstyret skal elles gje tilbakemelding i saker og spørsmål som det måtte bli presentert for av departementet.
6. Sekretærfunksjonen for interimstyret ligg til direktøren, som elles har den daglege leiinga både av omdanningsprosessen, verksemda i Norsk språkråd og seinare den nye institusjonen.

7. I tilsetjingssaker skal interimsstyret supplerast med representantar for det tilsette i medhald av tenestemannslova § 5 nr. 2.
8. Interimsstyret skal leggja fram eit overordna budsjettframlegg for departementet.
9. Departementet vil kunna endra mandatet og samansetjinga av interimsstyret undervegs.